



Notat

Dato: 27.11.2016
Arkivsak: 2016/4130-16
Saksbehandlar: oddber3

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Notat til politisk sak (2016/4130-13)

Innleiing

I Fylkestinget 04.10.2016 (Rullering av skulebruksplanen 2017-2030) vart det gjort slikt vedtak:

Fylkesrådmannen sitt alternativ 2 vert lagt til grunn med desse endringane: (...)

- *Den vedtekne samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskolen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime VGS lokalisert ved dagens Laksevåg Vgs. Rådmannen sitt alt 2 ved Laksevåg Vgs vert tilpassa dette.*
- *Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.*

Under handsaming av den politiske saka som følgjer opp vedtaket i Fylkestinget frå 04.10.2016, «Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg», gjorde OPHE 03.11.2016 følgjande vedtak:

«Utval for opplæring og helse støttar fylkesrådmannen si innstilling, men ber fylkesrådmannen utgreie meir nøye om det er naudsynt å avslutte all undervisningsaktivitet i bygge- og rehabiliteringsperioden fram mot fylkestingsmøtet i desember 2016»

Fylkesrådmannen si innstilling i saka var denne:

- *Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande*
- *Fylkestinget ber Fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.*

Ein viktig føresetnad som fylkesrådmannen la til grunn for gjennomførings- og tidsplan, var at det ikkje skal vere aktivitet i lokala på Laksevåg i byggeperioden. Det inneber at skulen er heilt tømt før arbeidet startar. Denne føresetnaden byggjer på at det gir ein openberr føremøn i sjølve byggeprosjektet og i høve til personalhandtering. Samstundes vil den tilrådde gjennomføringsplanen bidra til å realisere vedtaket frå Fylkestinget 04.10.16 med tanke på dimensjonering innan yrkesfag i Bergen.

Det vidaregåande skuletilbodet på Laksevåg skal i framtida vere eit yrkesfagleg tilbod. Fylkesrådmannen forstår det difor slik at det er aktiviteten som er foreslått avvikla frå hausten 2020 i gjennomføringsplanen, som er aktuell med tanke på ei vurdering i høve til vidare aktivitet ved Laksevåg vgs i byggeperioden. Dette gjeld tilbodet innan utdanningsprogramma EL, TIP og BA og dessutan grupper med redusert elevtal (TO) og lærlingskule og kursverksemd.

I samsvar med Fylkesrådmannen si tilråding alternativ 2 og vedtak frå Fylkestinget 04.10 skal dimensjoneringa på yrkesfag reduserast med om lag 270 plassar i Bergen. Dette betyr at det i høve til totaldimensjonering og naudsynt kapasitet ikkje er trong for å oppretthalde desse plassane på sikt. Alternativet til fylkesrådmannen sin plan for gjennomføring (2016/4130-13) vert då enten å gjere reduksjonen frå det tidspunktet den nye skulen på Laksevåg står ferdig, eller å auke totalkapasiteten/overkapasiteten.

Undervisningsaktivitet i byggeperioden – oppretthalde aktivitet

Å oppretthalde aktivitet kan vere tenleg for fagtilbod som skal halde fram ved den nye skulen og som det er naudsynt å halde oppe i byggefasen fordi ein ikkje har andre alternativ. Dette bidreg til å ta vare på eksisterande fagmiljø og kompetanse og sikrar ein overgang til ny undervisning i den nye skulen frå dag ein. Vidare kan det vere viktig med tanke på å ivareta relasjonar til lokalmiljøet, næringsliv og fagopplæringskontor og lærebedrifter. Leiinga ved Laksevåg vgs peikar blant anna på at:

- Når det studieførebuande tilbodet vert avvikla i 2018, vil dette frigjere areal til å flytte på undervisninga medan byggearbeidet pågår.
- Gjennomføringsplanen inneber at bydelen ikkje vil ha eit vgs-tilbod i ein periode på minst tre år
- Det er vesentleg at byggfagtilbodet vert oppretthalde fram til ny skule er ferdig. Sidan BA, EL og TIP er konjunktursensitive utdanningsprogram, ser leiinga det som viktig at BA vert vidareført for å tole konjunktursvingingar.
- Teoriopplæring for lærlingane er ein viktig del av eit heilskapleg tilbod i ei yrkesfagleg skuleklynge.

Når det gjeld tilrettelagt opplæring (TO) og lærlingskule, er det tilbod som må erstattast fullt ut. Det ligg ikkje ei tilråding frå fylkesrådmannen om ein reduksjon i desse tilboda. Skal desse oppretthaldast ved den nye skulen slik dei er i dag, kan ein også vurdere om desse bør fortsette under byggeperioden. Alternativet er at dei vert etablert i same totalomfang ved andre skular i Bergen frå 2020.

I fylkesrådmannen si tilråding er det berekna ein tilstrekkeleg totalkapasitet innan yrkesfaga i høve til elevgrunnlaget, men trongen for ulik kompetanse i næringslivet og korleis elevane vil søkje, er meir komplisert å seie noko meir presist om. Kjem det dei nærmaste åra ein uventa høg etterspurnad etter fagarbeidarar innan til dømes eitt av utdanningsprogramma BA, EL og TIP, kan dette vere eit argument for at ein bør oppretthalde aktiviteten under byggeperioden i eitt eller fleire av faga, dersom ein ikkje kan dekke etterspurnaden på andre skular for desse utdanningsprogramma.

I byggeperioden er det lagt opp til full aktivitet ved Bergen maritime innan EL og TIP. I fylkesrådmannen si tilråding alternativ 2 ligg det inne ein reduksjon i desse utdanningsprogramma, medan det ikkje gjer det innan BA. Slik konjunkturane er no, verkar det mest sannsynleg med ein auke innan BA. I dette perspektivet vil det vere BA som kan ha størst trong for å oppretthalde aktivitet i byggeperioden.

Prosjektet er tidlegast ferdig i 2023, og fylkesrådmannen tilrår difor at innrettinga på det vidaregåande skuletilbodet vert avklart i programmeringsfasen av den nye skulen. Nye Åsane vgs vil med sin kapasitet innan BA få ein auke som nesten tilsvarar kapasiteten som Laksevåg har i dag. Det er difor sannsynleg at det er tilstrekkeleg kapasitet totalt sett fram til den nye skulen er ferdig.

Undervisningsaktivitet i byggeperioden - Bygg

Når byggearbeid skal gjerast, må areala alltid frigjerast. Det ein gjer når det er naudsynt å oppretthalde skuledrift, er at drifta vert skalert ned i den grad det er mogleg, og at ein tar arbeidet sone for sone. Det som i tillegg gjerne vert naudsynt, er at ein skaffar erstatningsareal gjennom leigebygg eller modulbygg. Slik måte å løyse dette på har vi fleire døme på i Hordaland fylkeskommune i samband med bygging, ombygging og rehabilitering av skular;

- **Bergen Katedralskole:** Drift redusert ved at vaksenopplæring flytta ut til eige bygg før arbeidet starta. Leige av erstatningsareal ved tidlegare Tanks vgs.
- **Årstad vgs:** Reduksjon i drift (reduisert inntak) og leige av erstatningsareal på over 2500 kvm
- **Nye Voss vgs:** Modulbygg og leigeareal
- **Nye Voss gymnas:** Modulbygg og leigeareal
- **Tertnes vgs:** Modulbygg
- **Odda vgs:** Modulbygg og omdisponering av andre areal

Slike løysingar fungerer, men har til dels omfattande omkostningar knytt til seg. Modulbygg og erstatningsareal gir betydeleg ekstrakostnader i form av leige. Når ein deler inn arbeidet sone for sone, aukar byggekostnadene fordi det gjer byggeprosessen meir ineffektiv enn dersom arbeidet kan gjerast i ein operasjon. Vidare set det skrankar på moglege løysingar både i forhold til rehabilitering av bygg og nybygg, fordi tekniske anlegg som elektrisitet, varme og ventilasjon må vere i drift under bygginga.

Skal ei framdrift med sone-for-sone-inndeling av arbeidet fungere, må det gjerast etter ein streng plan for at undervisningsaktiviteten skal kunne gjennomførast. Dette gjer at byggearbeidet vil ha liten fleksibilitet for tilpassingar undervegs, noko som gjev høgre kostnader og aukar risikoen for dårlegare planløysingar og tekniske løysingar. Ein annan konsekvens er at byggetida vil auke monaleg. I eit prosjekt av ein slik storleik kan ein rekne med at tidsbruken vil auke med minimum eitt år. Til dømes tok byggearbeidet på Årstad vgs nesten sju år. Dette prosjektet er om lag 30 % større enn prosjektet på Laksevåg, men er likevel ein relevant referanse.

På Laksevåg skal store areal nyttast til fagskule, som har ein annan trong for romstorleik og funksjonar i høve til undervisning og verkstader/simulatorar enn vgs. Det er difor vesentleg både med tanke på kostnader og moglege løysingar at det er stor grad av fleksibilitet i planleggingsfasen og i gjennomføringa av byggjeprojektet.

Ei flytting av aktiviteten etter framdrifta til byggearbeidet fungerer best når det dreier seg om einsarta undervisning som til dømes ST. Det er betydeleg meir krevjande for utdanningsprogram som krev spesialverkstad som BA, EL og TIP, og særleg utfordrande for verkstadareal som er naudsynt for TIP. Etter fylkesrådmannen sin gjennomføringsplan for prosjektet på Laksevåg vert det frigjort betydeleg med areal når dei studieførebuande utdanningsprogramma vert avvikla, men dette vil ikkje gi tenlege verkstadareal for dei ordinære yrkesfaga.

På ein skule som samstundes er ein byggeplass vil det alltid vere utfordringar knytt til elevar og tilsette sin tryggleik. Det er aldri eit alternativ å gå på akkord med tryggleiken, men det kan innebere tiltak som vert opplevd som ei påkjenning. I slike situasjonar gjer ein det ein kan for å redusere støy og andre ulemper, men av erfaring veit ein at det likevel vert ein krevjande arbeidskvardag for elevar og tilsette over fleire år.

Undervisningsaktivitet i byggeperioden - Personal

I samsvar med Fylkesrådmannen si tilråding og vedtak frå Fylkestinget 04.10 skal det studieførebuande tilbodet ved Laksevåg vgs leggjast ned og dimensjoneringa på yrkesfag reduserast med om lag 270 plassar i Bergen. Dette betyr at det i høve til totaldimensjonering og naudsynt kapasitet ikkje er trong for å oppretthalde desse plassane på sikt. Alternativet til fylkesrådmannen sin plan for gjennomføring (2016/4130-13) vert då å gjere reduksjonen frå det tidspunktet den nye skulen på Laksevåg står ferdig.

Kapasiteten på det studiespesialiserande tilbodet skal ned grunna overkapasitet. Når Bergen Katedralskole frå hausten 2018 er klar til å ta imot fleire elevar, må ein utnytte kapasiteten, og då er det tenleg at Vg2-elevane frå studiespesialiserande ved Laksevåg får fullføre løpet sitt der. Fleire elevar krev fleire tilsette. Ei overføring av elevar og tilsette frå Laksevåg vgs skaper ein føreseieleg situasjon som er viktig i ei omstilling. Gjennom grundige prosessar vil ein ta vare på tilsette som ikkje får ta del i overføringa.

Etter gjennomføringsplanen som er lagt fram, startar i 2020 eit omfattande rehabiliterings- og byggeprosjekt på Laksevåg. Å drive vidare ein skule i byggeperioden, med tilbod som kan hende ikkje skal vidareførast når ny skule er på plass, er krevjande. Det er ekstra belastande å drive skule på ein byggeplass med alt det medfører.

Uvisse med omsyn til tidspunkt for ferdigstilling av nye skular, og uvisse med omsyn til tidspunkt for avvikling av skular er belastande for dei som er i situasjonen. Forsking viser at det er svært krevjande å oppretthalde dagleg drift når ein står i ei omstilling. (Meyer/Stensaker: *Endringskapasitet*, Fagbokforlaget 2016).

Fana gymnas var nedleggingstruga i fleire år før skulen vart lagt ned. Søkinga til skulen gjekk drastisk ned i denne perioden, og rektor gav tydeleg uttrykk for at det var krevjande å drive skule i ein slik situasjon. Skuleleiinga var tydeleg på at når vedtak om nedlegging var fatta, burde ein unngå seigpining av skulen og avklare gjennomføring og handtering så raskt som mogleg.

Dersom ein vel å oppretthalde dei resterande tilboda på yrkesfaga ved Laksevåg fram til den nye skulen er ferdig, inneber det at ein tek heile personalkabalene på Laksevåg og Bergen maritime vgs på same tid. Dette betyr at tilsette både på Laksevåg og Bergen maritime vgs vil ha fleire år med uvisse, samstundes som tilsettingane ved Nye Åsane videregående skole vil gå sin gang. Dersom nedlegginga av tilboda ved Laksevåg skjer samstundes med at ny skule i Åsane er klar, vil dette skape ein meir føreseieleg situasjon både for elevar og tilsette.

Når det gjeld kursverksemd, tilrettelagt opplæring (TO) og lærlingskule, er dette tilbod som etter det vi veit no, må erstattast fullt ut. Det ligg ikkje ei tilråding frå fylkesrådmannen om ein reduksjon i desse tilboda. Fram til 2020 vil ein ha tid til å planlegge etablering av desse tilboda ved andre skular i Bergen.

HFK sine rutinar ved omstilling og overtal skal sørge for ei god handtering av tilsette som vert råka av omstilling. Uvisse blant tilsette med omsyn til endringar og tidspunkt for endringar er ikkje like lett å handtere. Med tanke på personalhandtering tilrår fylkesrådmannen difor å gjennomføre vedtaket i to steg, i 2018 og i 2020, for å sikre best mogleg samsvar mellom nedlegging og oppretting av tilbod. Eit slikt vedtak vil gjere situasjonen meir føreseieleg for elevar og tilsette, og ei avklaring vil gjere det lettare å sette i gang gode prosessar omkring omstillingane.

Undervisningsaktivitet under byggeperioden - Oppsummering

Å oppretthalde aktivitet parallelt med eit byggeprosjekt av eit slik omfang som det som er planlagt på Laksevåg, medfører store omkostningar. Dette må vurderast opp mot trongen for å oppretthalde aktivitet gjennom byggeperioden. Dei dimensjonerande rammene for prosjektet på Laksevåg gjer at trongen for aktivitet er vesentleg mindre enn i dei prosjekta der ein vel ei slik løysing. Ei gjennomføring etter tilrådd plan gjev vesentlege føremoner i høve til sjølve byggeprosjektet når det gjeldt kostnader, framdrift og tekniske løysingar og dessutan i høve til ein føreseieleg og ryddig prosess for personalhandtering.